

Kvifor svelt Afrika?

Av Erling Berge

VI VELT NO AT AFRIKA SVELT.
Og folks vilje og evne til å hjelpe er større enn del fleste trudde. Mye større enn det politikarar trudde og kanskje også større enn det eldsjelene som starta «Band Aid» og «Live Aid» trudde.

Men veit vi kvifor Afrika svelt? Er det nok å få vite at det er tørke? Tørke har jo Afrika med jamne mellomrom. Kvifor får denne tørken så katastrofale utslag? Er det nok å få vite at vi har ørkenspreiing? Veit vi noe om kvifor Sahara veks? Er vi ikkje nødige med å sende nødhjelp kvar gong situasjonen i Afrika blir litt verre, må kunniskapane om kvifor folk svelt sprelast like langt som musikken til «Live Aid».

Dagens situasjon har si utviklingshistorie som går både ein og to generasjoner bakover. Tørken er berre tiløysaren for eit økologisk samanbrot som har vore førebudd lenge gjennom samfunnssendingar sett i gang av påverknad frå den industrialiserte verda. Den lettast synlege delen av problemet er veksten i folketal, men kjernen er samanhengen mellom samfunnets organisering og det ressursgrunnlaget som skal nyttast til å produsere mat for folk.


Det vi skal laste oss sjøve for, er ikkje å ha vore med å påverka desse samfunna, men at vi har vore med å endre samfunnsinstitusjonar utan å tenke på eller interessere oss for samspelet mellom samfunn og naturgrunnlag. Anten vi på kapitalistisk vis var ute etter rask og stor profitt eller vi reiste ut for å hjelpe i beste kristne meinings av ordet, har vi vore med på å rive ned gamle institusjonar for ressursforvaltning tilpassa sårbar eko-system. Dei nye institusjonane vi var med å forme, klarte ikkje å forvalte ressursane på ein slik måte at dei på lang sikt kunne yte samme matmengda.

I eit landskap der ein i regnfattige år ligg på grensa til å bli ørken, kan kveghald kombinert med litt jordbruk vere Brønnboring den økologiske tilpassinga som gir stort sjanse til å overleve på lang sikt. Når folkemengda i eit kvegsamfunn aukar, vil talet både på familiær og kvegflokkar vekse. Når så mengda av folk og fe er vorte så stor at ein er i ferd med å overbeite landskapet i gode år, vil ein i første tørkeperiode komme inn i ein vond sirkel som gir samanbrot i økosystemet. Ettersom dyra beiter ned vegetasjonen, aukar fordampinga og det vesle som kjem nedber gir enno mindre gras enn før. Medan folk og dyr svelt i hel, er landskapet i ferd med å bli til ørken. Førre stammekrigar og betra helsestil i 50- og 60-åra ga auke i folketallet i 60- og 70-åra og økologisk samanbrot i 80-åra.

Borar ein brønnar vil ein kunne auke jordbruksproduksjonen og halde liv i dyreflokkane gjennom den årlege tørkeperioden. Slik har ein skaffa mat til ei større folkemengd. Men samtidig har ein ofte senka grunnvatnet slik at vegetasjonen andre stader enn der ein vatnar er meir sårbar for tørke. Brønnboring har vore med å førebu katastrofen.

Fleire folk har bruk for meir brensel til matflaging. Når ein fjernar meir trevirke enn tilveksten i landskapet gir grunnlag for, minkar jordas evne til å halde på vatn. Fordampinga aukar og landskapet blir meir sårbar både for tørke og utvasking av kraftig regn.

Ein kunne seie at problemet er for mye sol eller for lite regn. Men det er det heller lite hjelpe i. Det er og lite hjelpe i å sjå at i høve til minimumsfaktoren vatn og med den teknologi og organisasjon desse samfunna har, sa er det for mange folk. Valet Malt-



Det er inga naturkatastrofe at Sahara veks. Ørkenspreiing er eit resultat av sosiale og politiske endringar.

■ ■ Kunnskapen om kvifor folk svelt i Afrika, må spreia like langt som musikken fra «Live Aid». Hovudproblemet er at balansen i jordbruket har brote saman. Det endrar ein ikkje med matvaregaver, skriv Erling Berge i dagens kronikk. Berge er sosiolog og arbeider ved Landbrukshøgskulen på Ås.

hus gav oss mellom seksuelt avhald og krig, pest og sjukdom, er ikkje dei einaste alternativa. Og når folkemengda alt er der, skulle det i vår kultur vere lettare å gjera framlegg om endringar i samfunnets organisering enn om å redusere folkemengda. Meir konkret kan ein seie at problemet er å laga samfunnsinstitusjonar som kan fordele kontrollen over ressursane til aktørar som er motivert til å produsere mat på ein måte som tar vare på ressursgrunnlaget.

Vestens U-hjelpe har hatt ein tendens til sjå bort frå dette problemet. U-hjelpe tyder stundom underutviklingshjelpe.

Anten dei er diktatorar eller folkevalde treng politikarar ei viss form for folkelig støtte.

Som eit minimum må det sørget for nok mat til dei som lever nærmest slottet. Med U-hjelpe i form av matgåver eller subsidierte matvarer er det lett å selje maten rimelegare enn det landets eigne jordbrukarar kan produsere for. Landets eigenproduksjon av mat går ned og landet blir meir avhengig av hjelpe, enn det var før.

Når naturgrunnlaget for den tra-

ditionelle levemåten på landsbygda byrjar svikte, vil folk rimelegvis ta vegen til byen der matforsyninga synes rimeleg sikker uavhengig av verlaget. Det internasjonale «hjelpearatet» fører mat relativt lett fram til dei større byane. Men å få det vidare ut på landsbygda er ofte vanskeleg. Langringstida kan bli lang. Rotter og råte tar sin del av den.

Men eit uofisielt fordelingsapparat tar også mye av den. Kor mye er vanskeleg å vite, men det synest rimeleg åtru at korruption og tjueri fordelear ein god prosent av mye matvarehjelpe. Det går neppe til dei som treng det mest. Også dette gjer tilgangen på mat i byane lettare enn på landsbygda og ytter sitt til at Afrika har ein eksplosiv byvekst.

Problema ein har med å fordele maten, fører til at hjelpearasjonane bygger opp sitt eige transportapparat på sida av og ofte i konkurrans med det som normalt finst i landet. Når hjelpe tar slutt, er kanskje det vanlegast fordelingsapparatet i dårlegare tilstand enn det var før.

A gi gåver er ikkje lett. Og til større dei er, til vanskelegare er det.

Mat til dei som lever nærmast slottet

Matvarehjelpe aukar flukten frå landsbygda